



Byrådssak /23

Saksframstilling

Vår referanse: 2019/36410-32

Høyring: Temaplan for skogbruk i Bergen kommune

Om saka:

Byrådet legg framlegg til temaplan for skogbruk i Bergen kommune til ekstern høyring. Temaplanen syner korleis Bergen kommune vil utvikla og auka verdiskapinga i ei berekraftig skognæring i kommunen.

Byrådet fatta vedtak om oppstart av planarbeidet 04.11.2021 i sak 1346/21. Temaplanen er Bergen kommune sin første plan for skogbruk og skal skildre korleis Bergen kommune ønskjer at rammene for drift og utviklinga av skogbruket skal vere i kommunen. Temaplanen for skogbruk dekker mange tema, og fleire av desse er dekka i eigne strategiar i Bergen kommune. Dette gjeld særleg Bergen kommune sin Naturstrategi, Grønn strategi og Den kommande strategien Tre+. Denne planen fokuserer på temaa i dei respektive strategiane innanfor sektoren skog og skogbruk.

Bergen kommune sin temaplan for skogbruk er ein næringsplan for næringsaktiviteten skogbruk i kommunen. Skogbruk føregår utandørs og over store areal, og har med det innverknad på samfunnet, miljøet og klimaet. Difor er desse viktige tema i planen. Planen har fire overordna satsingsområde. Det er «Areal og natur», «Næring», «Klima» og «Samfunn». Det er sju mål i planen:

1. Ivaretaking av skogarealet for skogproduksjon og naturmangfald
2. Auka verdiskaping i skogbruket i Bergen kommune
3. Skogen skal trivast, også i eit endra klima
4. Skogen og skogbruket skal bidra til å nå klimamåla og FN sine berekraftsmål
5. Skogen skal kunne gje vern for menneske og infrastruktur mot naturfarer
6. Skogen skal gje gode vilkår for friluftsliv for alle menneske
7. Skogbruket skal ha omsyn til menneska som levde her før oss

Det er utarbeidd tilhøyrande strategiar, tiltak og indikatorar til alle desse måla. Samla sett skal måla mogleggjera ei auka verdiskaping i skogbruket i Bergen kommune.

Kulturskogsareala er grunnlaget for næringsskogbruk, og desse areaala er i sterkt tilbakegang i kommunen. Eit hovudmål med denne planen er difor å ivareta dagens areal med kulturskog i størst mogeleg grad og legga til rette for lønsam drift av kulturskogen. Samstundes som ein ynskjer auka verdiskaping vil ein også ivareta og utvikla skogen sine andre funksjonar med omsyn til klima, natur og samfunn. Dette er særleg krevjande i ein storby som Bergen med mange menneske, og der stadig utvikling og vekst av byen set arealkrevjande næringar under press på fleire måtar.

Planen syner at over halvparten av landarealet i Bergen kommune er skogdekt. Kulturskogen generelt og grana spesielt har best produksjon i skogane i Bergen, og gir klart best

produktivitet og best økonomi for grunneigar. Kulturskogareaala er under press frå nedbygging og manglande forynging etter hogst og synet ein markant nedgang siste 20 åra. Det er viktig å ta vare på kulturskogen og legga til rette for lønsam drift av denne. Det er betydeleg potensiale for drift av lauvskog på gode skogsområder og i gjengroingsområde, ikkje minst som råstoff for produksjon av råstoff til bioenergi og ved. Bergen kommune ønsker å synleggjera dei viktige samanhengande skogbruksområda i kommunen som grunnlag for langsiktig næringsdrift. Samla utgjer desse 80 000 dekar, eller vel ein tredjedel av skogarealet i kommunen. Desse områda dekker 80 % av kulturskogen i kommunen, og om lag halvparten av ståande tømmervolum og årleg tømmertilvekst i kommunen. Byutviklinga påverkar skogen, ikkje minst ved at store område blir bygde ned og andre blir fragmentert på grunn av nedbygginga.

Nesten 60 % av artane lever i skogen, og vel 48 % av dei truga artane lever i skogen. Skogen i Bergen kommune er relativt ung på grunn av mykje attgroing og mangfaldet i skogane i Bergen er med det lågare enn mange andre stader. I Bergen kommune har skogbruket mindre negativ påverknad på arts mangfaldet, sidan det meste av aktiviteten er konsentrert til hogst av kulturgran.

Det er anslått at det vert gjennomført 2,5 mill årlege rekreasjonsturar i skogane i Bergen. Det finst mange kulturminner og spor etter menneska som levde her før oss, og det er viktig å ta vare på desse. Skogen kan verna samfunnet mot naturfarer på ein trygg og kostnadseffektiv måte, gitt at den vert forvalta på ein god måte.

Skogen tar opp og lagrar karbon som del av sin naturlege vekstprosess. I Bergensskogene er det lagra om lag 4 millionar tonn CO₂ i skogbiomassen og årleg opptak er i storleiksordenen 125 000 tonn CO₂. Dette lageret og kjelda til opptak er ikkje statisk og blir påverka både av skogforvaltninga på areal og forvaltninga av sjølve areala. I eit endra klima vil skogen også bli påverka og dette må takast omsyn til i forvaltninga av skogane.

Skogsvegar vert bygd for å forenkle transporten av tømmer ut av skogen, slik at det blir både billegare og meir skånsamt å få ut tømmeret. Ved gjennomgang av alle kulturskogområder i kommunen har ein vurdert at det trengst om lag 46 kilometer med skogsvegar for å drive 16 600 dekar og 380 000 kubikkmeter med overvegande kulturskog som i dag ikkje har tilkomst med veg. I Bergen er det stor bruk av skogsvegane til friluftsliv og rekreasjon. Det er viktig at ein tar omsyn til naturmangfald, kulturverdiar og friluftsliv ved etablering av nye skogsvegar. Bergen kommune vil setja strengare krav til vegbygging og handtering av eventuelle tilkøyrd massar ved bygging av skogsvegar, då fleire saker har synt at dette er utfordrande.

Temaplan for skogbruk er ikkje ein plan for forvaltninga av Bergen kommune sine eigne skogar. Bergen kommune vert i denne planen sett på som ein av mange skogeigarar i kommunen.

Fagetaten si vurdering og tilråding:

Etat for landbruk meiner at framlegget til Temaplan for skogbruk er godt gjennomarbeidd og rår til at framlegget vert lagt ut på ekstern høyring for å få innspel frå ålmenta, interesseorganisasjonar, skogbruksnæringa og andre interesserte.

Økonomiske konsekvensar:

I tråd med kommunens planinstruks har framlegget til temaplan oversikt over aktuelle tiltak for å nå måla i planen. Det er gjort ei vurdering av budsjettpotensial for kvart av tiltaka. Prioritering av tiltak opp mot andre, kommunale tenester og eventuelle innmelding av behov for midlar for å gjennomføre tiltaka i planen skjer i samband med kommunens ordinære budsjettprosess.

Byråden si vurdering og tilråding:

Skog dekker halvparten av Bergen kommune, og byr på flotte turopplevelingar, leveområde for ulike artar, vern mot naturfarer og karbonlagring. Minst like viktig er skogen som kjelde til kortreist materiale til å bygge eller energiproduksjon. Næringsa som nyttar skogen og sikrar byggemateriale og ved har ei kompleks oppgåve. Å forvalte desse skogområda på ein måte som tek omsyn til dei mange verdiane skogen har, er krevjande. Byråden meiner av den grunn det er viktig for Bergen kommune å ha ein eigen skogbruksplan, og meiner framlegget som no blir lagt fram til offentleg høyring på ein god måte synleggjer og balanserer dei ulike verdiane skogen har, og dannar eit godt grunnlag for forvalting av ei viktig, lokal næring.

Bergen kommune ønskjer ei ambisiøs satsing på bruk av tre til byggemateriale. Som verkemiddel for å få auke bruken av tre i dei bygde omgjevnadane har Bergen kommune under arbeid ein eigen trestrategi, TRE+. Strategien skal til endeleg vedtak i bystyret i juni 2023. Framlegget til strategi peiker på at den har som føremål å bidra til berekraftig næringsutvikling som fremmer lokal trevareindustri.

Den største utfordringa for skognæringa er presset på areal. Denne utfordringa gjeld dei fleste av områda som leverer økosystemtenester. I tråd med Naturstrategien og Grønn strategi har Bergen kommune sett seg som mål å vere arealnøytral. Ei meir målretta arealforvalting vil vere viktig for å møte skognæringa si utfordring i ein by med sterkt arealpress.

For å hente ut tømmer er ein avhengig av skogsbilvegar og planen peiker på kva for nokre vegar kommunen ser behov for, om næringa skal kunne realisere verdiane i kulturskogen. Det har har over fleire år vorte etablert skogsbilvegar utan tilstrekkelege løyve, eller der det er brukt ulovlege og forureina massar. Framlegget til plan er viktig for kommunen sitt vidare arbeid med å redusere arealinngrep, unngå forureining og spreiling av framande artar i skogene i Bergen. Byråden meiner ei planmessig prioritering av nye skogsbilvegar og tydelege vilkår til bruk i handsaming av søknadar er to viktige skritt for å få kontroll med dette problemet. Heimelsgrunnlaget for å sette slike vilkår vil tydeleggjerast før planen blir sendt på høyring.

Planen legg fram tydelege og konkrete tiltak, og vil gi kommunen eit godt verktøy for å nå måla i planen og god forvalting av skogene i Bergen. Kommunen er ein av fleire aktørar som bidreg i dette og ressursar til å gjennomføre tiltaka vil også komme fra nasjonale ordningar. Plandokumentet vil bli oppdatert før høyring for å synleggjere tydelegare kva økonomiske konsekvensar planen vil ha for Bergen kommune og kva kommunen ventar at dei andre aktørane vil bidra med. Bystyret vedtok i møte 31.05.2023 sak 175/23 å avvikle Etat for landbruk og overføre etaten sitt ansvar, oppgåver og tilsette til Bymiljøetaten frå 30.09.23. Ei slik administrativ endring påverkar ikkje innhaldet i planen, men dokumentet vil oppdaterast før høyring for å ta inn denne endringa i ansvarsfordeling der det er aktuelt.

Vedtakskompetanse:

Byrådets fullmakter § 2.5 vedtatt av bystyret 16.12.2020 i sak 378/20: Byrådet har ansvar for å forberede og fremleggje saker til bystyrets organer. Byrådet selv innstiller i alle saker hvor bystyret har avgjørelsesmyndighet, og som ligger innenfor byrådets ansvarsområder.

Byråd for klima, miljø og byutvikling innstiller til byrådet å fatte følgende vedtak:

Forslag til temaplan for skogbruk i Bergen kommune vert lagt ut på offentleg høyring.

Dato: 27. juni 2023

Ingrid Nergaard Fjeldstad
Byråd for klima, miljø og byutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Fagnotat, datert 09.02.2023.

Temaplan for skogbruk i Bergen kommune - høyringsutkast